

ÅRSMELDING 2020



HEMSEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

ORGANISERING AV KYRKJA

Hemsedal kyrkjelege fellesråd er sett saman av soknerådsmedlemene, soknepresten i Hemsedal og ein politisk vald representant.

Hemsedal kyrkjelege fellesråd har i 2020 vore samansett slik:

Leiar FR: Håvard Venås Permisjon frå 30.09.2020 til 1.8.2021.

Irene Markegård overtok som leiar frå 1.10.20 – til 1.8.2021.

Nestleiar FR: Irene Markegård 1.1.20 til 31.5.20. Går attende som nestleiar 1.8.2021.

Leif Erik Haug overtok som nestleiar 1.11.20 fram til 1.8.2021.

Synnøve Vågen Venås. Søkt permisjon frå 1.7 2020 til 31.08.2021

Kristine Eitrheim- Permisjon frå 8.6.2020 til 1.9.2021.

Margit Løken Møter fast frå 9.6.2020 til 31.08. 2021

Hilde Bakke Jensen

Monika Bakko

Oddmund Jordheim

Camilla Osnes – Sokneprest

Ordfører: Pål Rørby

Vara:

Øyvind Gjærde

Ole Embrikgård

Vara kommunen: Petter Owesen

FELLESRÅDET SINE HOVUDOPPGÅVER

§ 14 i Kyrkelova gir følgjande oppgåver til fellesrådet:

”Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene (menighetene), utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.”

I praksis betyr dette oppgåver på desse områda:

- mål og planer
- økonomiansvar
- personalansvar og personalforvaltning
- drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar

Fellesrådet har hatt 6 (6) møter og det har vore handsama 58 (53) saker.

SOKNERÅDET/PRESTETENESTA SINE OPPGÅVER

Kyrkjelydsbyggjande arbeid er soknerådet sitt hovudansvar, jmf. §5 og §9 i Kyrkjelova:

- undervisning
- diakoni
- kyrkjemusikk
- barne- og ungdomsarbeid
- eldrearbeid
- Konfirmantarbeid
- Andaktar på Bygdaheimen
- Naturandaktar

Soknerådet har hatt 10 (10) møter og det har vorte handsama 122 (127) saker.

Prestetenesta er regulert gjennom vigslingsliturgien og tenesteordning for sokneprestar:

Presten skal forvalte ord og sakrament ved å:

- halde forordna gudstenester
- forrette kyrkjelege handlingar – dåp, vigsel, gravferd
- utføre konfirmasjonsførebuing og konfirmasjon
- utøve sjelesorg, gå med dødsbod, reise i soknebod og besøke sjuke og gamle
- forkynne og utøve anna kyrkjelydsarbeid i samråd med soknerådet innanfor normal arbeidsveke

TILSETTE

Fellesrådet har i 2019 hatt arbeidsgjevaransvar for desse stillingane:

Camilla Osnes Sokneprest	100%	
Kjetil Th. Storebråten Kyrkjevevje	100%	
Britt Marie H. Hafsås Kyrkjelydspedagog	40%	
Peter Rødel Kantor	30%	
Organist -Vakant	20%	
Wilfried Westera Kyrkjetenar	40%	
Åshild Thorset Reinhaldar	10%	
Knut Ulsaker	Klokkar	Timelønna
Inger Marie Engene	Klokkar	Timelønna
Ellen Bekkevold	Klokkar	Timelønna
Unni Bjørke	Klokkar	Timelønna
Organistvikarar:		
Kjellaug Solbakken		
Linnea Zadig m.fl.		

Status bemanning

I 2020 har det ikkje vore endring i bemanninga: .

Sidan 20% organiststilling står vakant var Peter Rødel tilsett i 40% frå 1.8.20 til 31-12.20

Han gjekk attende til 30% frå 1.1.2021

Drift av gravplassen:

Inn på tunet ved Hans Vidar Sørensen har drifta gravplassen i 2020.

Ny avtale om vidare drift må framforhandlas i løpet av 2021.

Ordninga med å sette ut gravplassen på anbod fungerer særst godt.

ØKONOMI

Driftsrekneskapet for 2020 synte eit mindreforbruk på 119.816,-. (2018 mindreforbruk på kr 14.868,15) Dvs. før regnskapet er revidert så her kan det bli justeringar.

Frå og med 1.1.2016 overtok økonomiavdelinga i Hemsedal kommune rekneskap og økonomiansvaret for Kyrkjeleg Fellesråd. Økonomiavdelinga i Hemsedal kommune har lagt ned ei stort arbeid også i 2020. Rutinar for økonomien er kvalitetssikra, og utførast etter god regnskapsskikk.

Det som har vore utfordringa i 2020 er å få kontroll på budsjettet. Økonomiutval har gått grundig inn i budsjettet og opplever at dei har bra oversikt.

Kyrkjeorgelet vart renovert i oktober 2020 og arbeidet kom på 190.000 + mva.

ØKONOMISK SITUASJON OG TILTAK

Fellesrådet hadde i 2019 eit mindreforbruk (overskot) på kr 119.816,-.

Økonomiutvalet starta våren 2020 eit arbeid med å forbetre budsjettstyringa til Fellesrådet.

Økonomiutvalet la ned mykje tid og arbeid i dette.

Klokketårnet vart ikkje rehabilitert som planlagt og arbeidet er no planlagt utført sommaren 2021.

Hemsedal kommune har løyva 3,5 mill. som skal gå til rehabiliteringa av klokketårnet, taket på Lykkja kapell, og ny urnelund. Målet er at alle prosjekta skal vera ferdige i løpet av sommaren 2021.

Målet for 2021 er å få budsjettet i balanse, og prøve å bygge opp eit disposisjonsfond.

RESULTAT – DEI ULIKE FELLESRÅDSOMRÅDA

Covid-19

Pandemien ramma Noreg og også kyrkja veldig hardt 12 mars 2020 då landet vart stengd ned. Mykje har vorte avlyst eller utsett på ubestemt tid. Då det opna opp att sommaren 2020 trudde alle at pandemien snart var over. Så kom bølge 2 som vart like hard og etter nyttår kom bølge 3. Kyrkja har fått til noko digitale arrangement som har hatt bra oppslutning. Kyrkja fekk tildelt midlar til digitalt utstyr frå Biskopen i Tunsberg. Målet er å fortsette å strøyme gudstenester o.a. men med eige utstyr og kompetanse.

Kollekten har gått veldig ned og betaling med Vipps har redda eit svært dårleg resultat.

Staben er etter kvart slitne av å planlegga arrangement som stadig blir avlyst. Håpet er at me hausten 2021 kan opne opp att all aktivitet i kyrkja når alle er vaksinert.

Uansett ser me at å laga digitale gudstenester er noko folk tek seg tid til å sjå på. Difor vil me fortsette å laga nokre gudstenester som kan sjåast på internett.

Kyrkjeleg administrasjon

Kontorløysingane er greie men ikkje optimale. Me har tre kontor på kommunehuset. Eit til prest, eit til kyrkjeverje, og eit felles til trusopplærar, organist, og kyrkjetenar. Me har stor nytte av å

vere plassert på kommunehuset, men kunne ynskje at kontora låg på Kyrkjestugo for å bli knytt meir opp mot kyrkjelydsarbeidet, og bli lettare tilgjengeleg for publikum.

Kyrkjer

Hemsedal Kyrkje

Fellesrådet har i 2020 prioritert å få fullført prosjekta som er FDVplanen (Forvaltning Drift og Vedlikehald) har avdekka behov for vedlikehald av klokketårnet, urnelund, tak på Lykkja og rehab. av kyrkjeorgel. Rapporten konkluderte med at kyrkja vil behøve 10-11 mill dei neste åra for å kome ajour med vedlikhaldsetterslepet. For Lykkja kapell mellom 4-5 mill.

Lykkja kappell

Taket på Lykkja kapell har Hemsedal kommune no løyva pengar til. Det som må gjerast utover taket er skifte av ytterdør og nye «smarte» panelomnar i kapellet.

Hemsedal Kyrkjegard

Det som står att er å måle opp og koordinatfeste den nye gravplassen. I 2021/2022 må det leggas opp tinstraum til den nye kyrkjegarden, samt lagas parkbelysning der.

Den nye gravplassen har 140 gravplassar. Andre byggesteg av gravplassen er meint å stå ferdig i ca. 2035. Denne utvidinga er prosjektert, og vil kunne starte når behovet for meir plass melder seg. Hemsedal eldrelag har fremma ynskje om urnelund. Denne skal byggast sommaren 2021.

Kyrkjeleg verksemd/kyrkjelydsarbeid

Fellesrådet si oppgåve er gjennom plan- og budsjettarbeid å ta omsyn til kyrkjelydsarbeidet sine behov innanfor gudstenesteliv, undervisning, barne- og ungdomsarbeid, kyrkjemusikk, diakoni, misjon og informasjon. Fellesrådet støttar arbeidet med stillingar, midlar/tilskot til felles oppgåver innanfor desse områda: dåpsopplæring, diakoni, kyrkjemusikk, gudstenester/kyrkjelege handlingar m.m.

Fellesrådet betalar materiell til utdeling til 1- 4 årsfasen. Frivillige gjer eit godt arbeid med å dele ut gåvene til 1, 2 og 3 års dåpsdag. Fellesrådet betalar og for ”Den levande boka” til 5. trinnet, og for utgiftar til materiell til konfirmantane.

SLUTTORD

Hemsedal kyrkjelege fellesråd opplever at kyrkja i Hemsedal står sterkt i bygda. Vi har eit aktivt gudstenesteliv der medlemmer i alle aldrar deltek. Det er mange frivillige som legg ned ein stor innsats i kyrkjelyden. Dei frivillige tek hand om viktige tenester både med barne- og ungdomsarbeid og arbeid blant eldre.

Det er mange frivillige som utfører tenester til beste for kyrkja, og i råd og utval. Kyrkjegarden vår vitnar om godt dugnadsarbeid om våren, og om trufaste arbeidarar om sommaren. Bakelaugget og Cateringgjengen stiller opp å lagar god mat på mange arrangement. Dette betyr mykje. Frivillige er med på å bera gudstenesta som kyrkjevertar og tekstlesarar. Men utan staben på kyrkjekontoret hadde kyrkja i Hemsedal ikkje kunne hatt same aktivitetsnivået som no.

Fellesrådet takkar dei tilsette og dei frivillige medarbeidarane for god og trufast teneste i 2020!

Leiar av FR

Irene Markegård

Mars 2021



**DEN NORSKE KYRKJA
HEMSEDAL**



**DEN NORSKE KYRKJA
HEMSEDAL**

Årsmelding for Hemsedal Sokneråd 2019

Soknerådet har konstituert seg slik:

Leiar SR: Håvard Venås Permisjon frå 30.09.2020 til 1.8.2021.

Irene Markegård overtok som leiar frå 1.10.20 – til 1.8.2021.

Nestleiar SR: Irene Markegård 1.1.20 til 31.5.20. Går attende som nestleiar 1.8.2

Leif Erik Haug overtok som nestleiar 1.11.20 fram til 1.8.2021.

Synnøve Vågen Venås. Søkt permisjon frå 1.7 2020 til 31.08.2021

Kristine Eitrheim- Permisjon frå 8.6.2020 til 1.9.2021.

Margit Løken Møter fast frå 9.6.2020 til 31.08. 2021

Hilde Bakke Jensen

Monika Bakko

Oddmund Jordheim

Camilla Osnes – Sokneprest

Vara:

Øyvind Gjærde

Ole Embrikgård



SOKNERDÅSSAKER

Soknerådet har hatt 10 (9) møter, og det har vorte handsama 122 (127) saker.

Nokre av soknerådssakene dette året:

Offerliste

Kyrkjestugo utleige til HBU (Hemsedal barne og ungdomsskule)

Framtida for kyrkjestugo

Søndag for alle vart avvikla våren 2020. Nytt opplegg startar våren 2021. Dette har fått namnet «Møtepunkt»

Mat-årshjul

Årshjul for FR og SR

Ny organisering av Ope Hus

Rehabilitering av kyrkjeorgelet

Revidering av trusopplæringsplan
Organisering av dugnad på gravplassen i mai
Fasteaksjonen 2020

Musikk:

Jazzmesse i Fausko Amfi med Caledonia Jazzband
Konserten Blå Tonar
Adventskonsert

Soknerådet har ansvar for følgjande råd og utval:

- Trusopplæringsutval
- Misjonsutval- Misjonprosjekt i Nepal – i samarbeid med Normisjon
- Bønegruppe for dåpsborna
- Kyrkjegardsutval
- Soknerådet sine representantar i styret for Kyrkjestugo
- Aksjonsutval (fasteaksjonen)
- Ope hus
- Representant i styringsgruppa for «Søndag for alle»
- Representant til styret i Kyrkjestugo
- Representant frå kyrkja til Ope Hus
- Redaksjonsmedlem i Kyrkjebladet
- Kapellkomite Lykkja
- Gudstensteutval
- Diakoniutval
- Flyktningekontakt
- Kyrkjegardsutval
- Administrasjonsutval (AU)
- Økonomiutval
- Legatstyre Hippe blomfond
- Legatstyre Thorset og Holde legat
- Bibelkontakt

Klokkarar:

Ellen Bekkevoll
Knut Ulsaker
Inger Marie Engene

Unni Bjørke

Ansvarleg for drift av gravplassen og kyrkjetenar ved gravferd:

Inn på tunet ved: Hans Vidar Sørensen

Soknerådet har halde fram med desse tradisjonane:

- Dåpslys og dåpsklut til dåpsborna, og helsing til born på 1, 2 og 3-års dåpsdag
- Bok til 4-6- og 11-åringane
- Forbøn for dåpsbarn
- Biblar til konfirmanter og lokale brudepar.

Statistikk:

Gudstjenester: (43)

Antal besøkande: (5122)

Dåp: (15)

Gravferd: (13)

Utmeldte: (8)

Innmeldte: (0)

Konfirmerte: (21)

Vigsler: (23) Totalt med prest i soknet 34

Offer innsamla totalt Kr : (195.500)

Eige arbeid (87.000)

RESULTAT REKNESKAP FOR SOKNERÅDET 2019

Fast gjevarteneste vart starta hausten 2017 og utgjør 87.000 kr pr. år 31.12.2020. Målet er å passera 100.000 kr i fast gjevarteneste i løpet av 2021. Dette er pengar kyrkja sårt behøver, og Soknerådet er særst takksame til alle som bidreg.

Mange støttar opp og gjer eit stort arbeid for kyrkjelyden i Hemsedal.

Soknerådet vil takke kvar einskild medarbeidar.

Ein stor takk til staben som betyr mykje for det som skjer i og rundt kyrkja!

*Leiar Hemsedal Sokneråd
Irene Markegård*



TRUSOPPLÆRAREN I HEMSEDAL SI ÅRSMELDING 2019

Dåp og dåpsbesøk:

I 2019 var det 15 dåp i Hemsedal. Trusopplæreren har ansvar for å skaffe materiell til utdeling ved dåpssamtalen. Det er 10 frivillige dåpsbesøkarar som til saman hadde ansvar for å besøke 23 born på 1-, 2- eller 3-års dåpsdag i 2019.

Babysang:

Babysang hadde god oppslutning vårhalvåret 2019, på hausten var det ein god del av dei «trufaste» som starta i barnehage, men det var og ein del som var med utover hausten. Totalt var 22 born i målgruppa 0-2 år innom i løpet av året, av desse var eittåringane i fleirtal. Der hadde vi ei oppslutning på heile 130%! (Statistikk ut frå antal medlemar busett i Hemsedal).

(snart) Førsteklasses:

Dåpsskulen endra namn til (snart) førsteklasses, både for ikkje å «avvise» nokon som ikkje er døypt, og for å kome inn under same namn som den nasjonale satsinga for 6-åringar (Førsteklasses). Samlingane var i februar/mars og det var fem 6-åringar som deltok. Tema for samlingane var «den miskunnsame samaritanen» og påske, med spesiell vekt på nattverden. (snart) førsteklasses vart avslutta med Sprell Levande gudsteneste i Hemsedal kyrkje, med utdeling av diplom og 6-årsbok

Tårnagenthelg:

15 2.- og 3.-klassingar var med på den førebels siste tårnagenthelga i Hemsedal kyrkje. Heretter satsar vi på å ta med det beste av tårnagentane inn i Lys&Liv-festivalen.

Gardsbesøk:

1.-klassingane vart inviterte til gardsbesøk ein ettermiddag i mai. Det var fyrst ei samling i kyrkja, der vi høyrde om mannen som hadde 100 sauer, før vi drog opp i fjøset til Rut og Lars Einar Intelhus og fekk sjå på dei nyfødde lamma. 7 1.-klassingar deltok

Vandring gjennom Bibelen for barn (VGBB):

Trusopplæreren var i mai på besøk i 6.-klassane på HBU og gjennomførde VGBB. Opplegget går over to dobbelttimar i kvar klasse, ein med gjennomgang av det gamle testamentet, og ein med gjennomgang av det nye testamentet. Totalt 35 elevar deltok.

Pilegrimsvandring:

I juni var prest og kyrkjelydspedagog på pilegrimsvandring med 6. klasse. Vi hadde ulike stopp og aktivitetar, mellom anna på stavkyrkjetomta, og enda opp i kyrkja, der det vart skrive ut «Hemsedalsbrev» for fullført vandring. Kring 35 elevar pluss lærarar deltok.

Haustmarkedet:

I september hadde vi stand på «haustmarkedet» i Hemsedal. Vi ynskjer å vere synlege i lokalsamfunnet og vise fram arbeidet vårt. Vi delte ut vaflar og brosjyrer og hadde gjettekonkurranse og lystenning.

4-årsbok:

4-åringane møttest til ei ettermiddagssamling i kyrkja, før dei møtte opp på gudsteneste for å få boka si. Sundagsskulen hjalp til med organisering og kyrkjekaffi og åtte 4-åringar møtte opp.

Helmax helaften:

13. oktober var igjen ungdom frå heile Hallingdal invitert til Helmax helaften på Gol bedehus. Det var taco, leik, konkurransar, andakt, song og tid til å bli kjend med kvarandre. Ca 70 ungdom frå 8. klasse og oppover deltok, av desse var 4 frå Hemsedal.

Lys&Liv-festivalen:

Nyskapinga dette året var Lys&Liv-festivalen. Tanken er at ein skal ta med seg det beste frå tårnagentar og Lys Vaken og lage ei festivalhelg andre helga i oktober. Her inviterer vi 3.-6. klasse, og tema rullerer i ein 4-års syklus. I løpet av helga kan dei velje ein hovudaktivitet ut frå interesse. I tillegg har vi nokre fellessamlingar og avsluttar med gudsteneste. I 2019 var temaet «vatn». 20 deltakarar fordelte seg på aktivitetsgrupper «agent/foto» og «ute». Vi hadde ingen 6.-klassingar i år, og håpar på fleire deltakarar frå alle trinn i 2020. 5.- og 6.-klasse får tilbod om overnatting i kyrkja, dette vart ikkje gjennomført i 2019.

Julekrybbevandring:

Begge barnehagane i Hemsedal kom på julekrybbevandring i Hemsedal kyrkje, fordelt på 3 samlingar. Trusopplæraren samarbeidar med staben om å gjennomføre dette.

Konfirmanter:

Det var 20 konfirmentar i Hemsedal i 2019.

Kode B:

Kode B for 6.-7. klassingar vart avlyst grunna lav oppslutning.

Andre tilbod til barn og unge:

Høgt og lågt-leir:

Trusopplærar deltok på høgt og lågt-leiren som sundagsskulen arrangerar i juni som andaktshaldar. I tillegg hadde trusopplærar ei andakt på S-klubben og ansvar for barnegruppe på Søndag for alle ein gong, i tillegg til på Hermonhelga.

Fagleg samarbeid og kurs:

Trusopplærarane i Hallingdal har møttest 2 gongar i løpet av våren for utveksling av erfaringar og fagleg påfyll.

Britt Marie deltok på fagsamling arrangert av sundagsskulen i Hemsedal i januar, og på kurs om barn og sorg arrangert av diakonen på Gol i november. I tillegg var ho på trusopplæringskonferansen 6. november.

Fagdagar arrangert av bispedømmet har ikkje vore prioritert dette året.

Britt Marie Haraldset Hafsås tok 15 studiepoeng i «barn og unge i trusopplæringa» på MF. Dette fullførte eit nettstudie på 60 studiepoeng i trusopplæring som er samarbeid mellom MF og VID

Trusopplæringsutvalet:

Trusopplæringsutvalet hadde berre eitt møte i 2019.

Takk

Takk til alle som har vore med å bidrege i trusopplæringa – tilsette, frivillige, foreldre og føresette!

Det er eit stor og gjevande arbeid me får vera med i – å bringa barn og unge til Kristus slik at dei kan bli verande hos han slik som dei ved dåpen blir sameina med han.

Takk til Han som har gitt oss tenesta og oppgåva: « Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Britt Marie Haraldset Hafsås
Mars 2021